



Roald Fyllingsnes
Nedre Eikanger 1
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2307 - 20/12942

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@alver.kommune.no

Dato:
12.03.2020

Plansak - Kommuneplan for Lindås kommune 2019-2031 - planid 1263201805 - svar på spørsmål om status for innspel

Alver kommune viser til din e-post av 17.02.20, og tidlegare korrespondanse i saka.

Kommunestyret i Lindås kommune gjorde vedtak om å godkjenne framlegg til Kommuneplan for Lindås kommune 2019-2031 den 15.10.19, sak 068/19. Det er ikkje klageadgang på kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-15. Kommuneplanprosessen er avslutta ved kommunestyret sitt vedtak, og vidare kommunikasjon om ditt innspel kan følgjeleg ikkje føre fram.

I og med at det ikkje er klageadgang på eit kommuneplanvedtak må ein påstand om at kommuneplanvedtaket er ugyldig avgjerast ved at det vert anlagt sivil søksmål for domstolane.

Alle plandokumenta er tilgjengeleg på www.alver.kommune.no.

Orientering om rettar for den som har levert innspel til kommuneplan

Eit innspel til kommuneplan er eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn.

Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Du får ikkje partsstatus som følgje av innspelet. Det har konsekvensar for korleis kommunen kommuniserar med deg og for kva rettar du har.

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.

- Du får ei stadfesting på at kommune har motteke innspelet ditt, men du får ikkje skriftleg varsel frå kommunen om den vidare gangen i planarbeidet. Du må sjølv følgje saka på kommune si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eiga vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumentene og sakspapira.
- Du har ikkje klageret, korkje på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Når kommunestyret har godkjent planen er saka avlutta og innspelet ditt ferdig handsama.

Fylkesmannen sin rolle

Fylkesmannen er staten sin represantet i planarbeidet og har til oppgåve å vurdere om den planen kommunen har lagt ut på høyring er i samsvar med lovverk og nasjonale retningsliner, herunder FOR 2011-03-25-335 *Statlige planretningsliner for forvaltning av strandsoner langs sjø*. Fylkesmannen har motsegnskompetanse og kan stoppe planarbeidet undervegs i prosessen om fylkesmannen meiner planen strir mot nasjonalt regelverk.

Fylkesmannen tek ikkje stilling til det einskilde innspel til kommuneplanen.

Fylkesmannen er ikkje ordinær klageinstans i saker som gjeld kommuneplan, og privatpersonar kan difor ikkje klage kommunen sitt planvedtak inn for fylkesmannen.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kristin Nåmdal
avdelingsleiar

Tonje Nepstad Epland
Jurist/rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Roald Fyllingsnes

Nedre Eikanger 1

5913

EIKANGERVÅG